

Knut Willie Jacobsen  
Lurevegen 304  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/6465 - 20/53682

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
01.09.2020

## Løyve til omlegging av veg med dispensasjon - gbnr 238/2 Eknes indre

**Administrativt vedtak:** **Saknr: 874/20**  
**Tiltakshavar:** Jan Otto Andvik  
**Ansvarleg søker:** Knut Willie Jacobsen  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett.

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, jfr. § 11-6 vert det gjeve dispensasjon frå planføremål for oppføring av tiltak i LNF-område for omlegging av kommunal veg på gbnr 238/2.**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve eitt-trinnsløyve for omlegging av veg på følgjande vilkår:**

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 13.11.19, mottatt 05.03.20 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horizontalplanet.
3. Veg skal opparbeidast i samsvar med vilkår i uttale frå Alver kommune v/avdeling for samferdsel, veg, vatn og avlaup, datert 07.08.20.

**Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:**

1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.

## Tiltak

Saka gjeld søknad om omlegging av delar av eksisterande kommunal veg, som går over tunet på gbnr 238/2 og skaper ulemper for drift på tuna.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå LNF-føremål. Dispensasjonssøknad vart mottatt 28.08.20.

Landbruksavdelinga har gjeve løyve til omdisponering av ca. 200 m<sup>2</sup> dyrka jord til vegformål den 01.09.20. Omdisponeringa er heimla i § 9 i jordlova.

Det vert elles vist til søknad motteken 05.03.20 og supplert 28.08.20.

## Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Tilleggsdokumentasjon vart etterspurta ved brev av 10.03.20.

Dokumentasjon vart motteken ved brev frå ansvarleg søker 28.08.20.

Sakshandsamingsfristen er forlenga med den tida det har teke å supplere søknaden.

## Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel for Lindås kommune er definert som LNF-føremål.



## Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå planføremål LNF-landbruks-, natur- og friluftsområde.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

## SØKNAD OM DISPENSASJON

I henhold til :

**Lov om planlegging og byggesaksbehandling  
av 27.juni 2008 nr. 71, Ajourført med endringer,  
denest ved Lov 08.mai 2009, nr. 27  
delvis trædt i kraft 01.juli 2009**

( Plan – og Bygningsloven)

Søknaden gjelder Gbnr. 238/2 , Lindås,  
og gjelder omlegging av veg i et LNF-område.

Det vises til tidligere innsendt Søknad vedr. omleggingen

### **Uttale fra anna styresmakt**

Det er henta inn uttale fra Alver kommune v/ Landbruksavdelinga og avdeling for samferdsel, veg, vatn- og avlaup.

Landbruksavdelinga kom med følgjande utale den 1.09.20:

*Landbruksavdelinga har sett på søknad om å legge om eksisterande veg, som i dag går gjennom tunet på gbnr 238/2 Eknes. Ny trasse vert lagt vestom tunet i ein strekning på ca. 110 meter.*

*Etter vår vurdering vil ny veg krevje omdisponering av om lag 200 m<sup>2</sup> dyrka jord. Ved omlegging av vegen vil ein fjerne faren for trafikkulykke i tunet på garden og aktiviteten i gardstunet kan skje uehemma av dagens gjennomgangstrafikk. Såleis er det store fordeler ved omlegginga, både trafiksikkerhet og ein fjernar driftsmessige ulemper for eventuell landbruksdrift i tunet.*

*På bakgrunn av dette vert det gjeve løyve til omdisponering av ca. 200 m<sup>2</sup> dyrka jord til vegformål. Omdisponeringa er heimla i § 9 i jordlova.*

Samferdsel-, veg, vatn- og avlaupsavdelinga kom med følgjande utale den :

*Tiltaket er diskutert og avklart hos Samferdsel, veg-, vatn og avløp forvaltning. Vegtrasè som er vist på innsendt situasjonskart, er ihht det som er avtalt mellom kommunen og tiltakshavar.*

*Tiltaket føreset at eksiserande veg i syd vert fysisk stengt. Ny tilkomst til bustad vert i frå nord. Ved etablering av ny vegtrasè skal ein vise hensyn til kommunal vassleidning i området.*

*Kostnader med omlegging av vegtrasè tilfaller tiltakshavar.*

Kommunen legg til grunn at søknad om dispensasjon på grunn av tiltaket sin art og plassering ikke skal sendast på høyring til Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen i Vestland får vedtaket til klagevurdering.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla.

Det ligg ikke føre merknader frå nabo.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 13.11.19.

På situasjonsplanen er det vist at kommunal vegen omleggjast på gbnr gbnr 238/2 og at tiltaket delvis kjem på gbnr 238/83 – kommunal veg . Eigar av gnbr 238/83 Alver kommune har samtykka til at tiltaket kan plasserast slik det er omsøkt. Samferdsel-, veg, vatn- og avlaupsavdelinga har uttalt seg om tiltaket og satt vilkår den 07.08.20.

### **Vatn og avløp (VA)**

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup.

### **Tilkomst, avkørsle og parkering**

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg.

### **Terrenghandsaming**

Situasjonsplanen viser plassering av veg.

Snitt-teikningar viser eksisterande og nytt terrenget, og plassering i høve terrenget.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Når det gjeld visuelle kvalitetar har kommune ingen merknader i saka.

### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikke skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med byggeteknisk forskrift (TEK).

### **Avfallsplan**

Tiltaket har ikkje krav til avfallsplan.

### **VURDERING:**

## **Dispensasjon**

Det er to vilkår som må vere oppfylt for at kommunen skal kunne gje dispensasjon. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispesert frå ikkje verte vesentleg sett tilside. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen. Vilkåra må ligge innanfor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulepper dispensasjon kan medføre.

Det vil normalt ikkje vere høve til å gje dispensasjon når omsyna bak føresegna det vert søkt dispensasjon frå framleis gjer seg gjeldande med styrke.

Søknaden er vurdert opp mot omsynet bak føresegna det vert søkt dispensasjon frå. Sentralt i administrasjonen si vurdering har vore:

- Omsynet til kommunedelplanen sin arealdel
- Kvalitetar i landskapet
- Omsynet til helse, miljø, tryggleik og tilgjenge
- Omsynet til natur, miljø og friluftsliv, m.a. naturmangfaldslova §§ 8 og 9 (føre var).

Omsyna bak LNF-føremålet er i hovudsak å verne om samfunnsinteresser knytt til å ta vare på landbruksområde. Det skal takast særskild omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.

Vegpartiet som no er omsøkt skal plasserast slik at den ikkje råkar dyrka eller dyrkbar jord, så driftsmessig gir tiltaket ingen ulepper, berre fordelar for søkjar sin gardsdrift. Tiltaket vil ikkje endre arrondering eller gje andre driftsmessige ulepper. Administrasjonen meiner difor at omsøkt tiltak vil medføre betre driftsmessige løysingar enn i dag.

Landbruksavdelinga kjem med følgjande utale den 1.09.20:

*Landbruksavdelinga har sett på søknad om å legge om eksisterande veg, som i dag går gjennom tunet på gnr 238/2 Eknes. Ny trasse vert lagt vestom tunet i ein strekning på ca 110 meter.*

Etter vår vurdering vil ny veg krevje omdisponering av om lag 200 m<sup>2</sup> dyrka jord. Ved omlegging av vegen vil ein fjerne faren for trafikkulykke i tunet på garden og aktiviteten i gardstunet kan skje uehemma av dagens gjennomgangstrafikk. Såleis er det store fordeler ved omlegginga, både trafikksikkerhet og ein fjerner driftsmessige ulemper for eventuell landbruksdrift i tunet.

Kommunen finn etter ei samla vurdering at dispensasjon som omsøkt ikkje kjem i vesentleg strid med omsyna bak arealdelen i kommunedelplanen. Ved omlegging av kommunal veg som omsøkt vil ein fjerne faren for trafikkulykke i tunet på garden og aktiviteten i gardstunet kan skje uehemma av dagens gjennomgangstrafikk. Dette gir ein god løysing for framtidig gardsdrift på gnr 238/2 og kan gjennomførast utan at dette vil ha noko negative konsekvensar for landbruksdrifta. Kommunen vurderer at tiltaket ikkje vil vere til ulempe for landbruksverksemda eller kulturmiljø på staden.

Med tilvising til grunngjevinga i søknaden finn kommunen vidare at fordelane med tiltaket er klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå LNF-føremålet er oppfylt.

### **Plassering**

Alver kommune godkjenner omsøkt plassering som vist i situasjonsplan datert 13.11.19 og på dei vilkår sett av avdeling for Samferdsel, veg, vatn og avlaup den 7.8.2020.

### **Tiltaksklasse**

Kommunen legg sokjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytt rettleiing frå Fylkesmannen. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

### **Regelverk**

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket set krav om ansvarleg sokjar, jf. pbl § 20-3.
- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
- Søknad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarslast i samsvar med pbl § 21-3.
- Alle eigedomar må ha lovleg tilgang til vatn og avlaup etter pbl §§ 27-1 og 27-2.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg etter pbl § 27-4.
- Tiltak etter pbl skal utformast i samsvar med pbl §§ 29-2, jf. 29-1.
- Kommunen skal godkjenne plassering av tiltaket, jf. pbl § 29-4.
- Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.

- Tiltaket krev avfallsplan etter TEK § 9-6.
- Tiltaket krev skildring av miljøsanering etter TEK § 9-7.
- Kommunen kan gi dispensasjon viss vilkåra i pbl § 19-2 andre ledd er oppfylt, men bør ikkje gi dispensasjon viss ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.
- Det kan setjast vilkår for ein dispensasjon, jf. pbl § 19-2 andre ledd, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.
- Ved handsaming av søknaden skal kommun vurdere søknaden opp mot prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 20/6465**

### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

### **Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjever

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

## Vedlegg:

Søknad - orginal PDF

Kopi til:

Jan Otto Andvik

Eknes 59

5993

OSTEREIDET

## Mottakrar:

Knut Willie Jacobsen

Lurevegen 304 5912

SEIM